NVS RAPPORT 24/2019



*GPS-merkeprosjektet på*

*Hardangervidda og i Nordfjella:*

# ÅRSMELDING 2018


Lena Romtveit
Anders Mossing
Olav Strand
Vegard Gundersen
Siri Bøthun
Ellen Korvald

Romtveit, L.[1], Mossing, A.[2], Strand, O.[3], Gundersen, V.[4], Bøthun, S. W.[5] og Korvald, E.[6] 2019. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2018. NVS RAPPORT 26/2019 28 s.

Framsidefoto: © NINA ved Olav Strand

**Norsk villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkinn | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
**Norsk villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 99 46 37 64 | E-post: post.sor@villrein.no
**Stiftelsen Norsk villreinsenter:** NO-2661 Hjerkinn

Org.nr: NO 990 697 809 MVA

[1] Norsk villreinsenter Sør, Skinnarbu, 3660 Rjukan
[2] Norsk villreinsenter Sør, Skinnarbu, 3660 Rjukan
[3] Norsk Institutt for naturforskning, Høgkoleringen 9, 7034 Trondheim & Norsk villreinsenter Sør, Skinnarbu, 3660 Rjukan
[4] Norsk Institutt for naturforskning, Varmstuguvegen 40, 2624 Lillehammer
[5] Siri Bøthun Naturforvaltning, 6896 Fresvik
[6] Buskerud fylkeskommune, Hauges gate 89, 3019 Drammen

# Føreord

Denne årsmeldinga oppsummerer 2018 for GPS-merkeprosjektet for Hardangervidda og Nordfjella 2015-2022. Årsmeldinga gjev eit oversyn over aktiviteten i dei ulike arbeidsgruppene gjennom året, samt den samlande referansegruppas møte i året som gjekk.

Prosjektet har i tillegg til å vera ein sentral kunnskapsleverandør også blitt ein viktig og samlande arena for ei breitt representert fjell- og villreinforvalting.

Det er Norsk institutt for naturforsking (NINA) ved Olav Strand som har den faglege leiinga for hovudprosjektet, medan Vegard Gundersen frå NINA Lillehammer har fagansvaret for delprosjekt 3) Ferdsel på Hardangervidda. Norsk villreinsenter Sør (NVS) har sidan 2009 hatt sekretariatsansvaret for dette og tilsvarande prosjekt i Setesdalsheiane sidan 2009. Årsmeldinga er difor ein rapport i NVS sin rapportserie.

Lena Romtveit

Skinnarbu 13.06.19

# Innhald

FØREORD ........ 4

INNHALD ........ 5

SAMANDRAG ........ 7

INNLEIING ........ 9

PROSJEKTAKTIVITET I 2018 ........ 10

Administrasjon og møteverksemd ........ 10

Prosjektets organisering ........ 11
- Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7: ........ 11
- Arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg i Nordfjella: ........ 11
- Arbeidsgruppe 3) Ferdselskartlegging på Hardangervidda: ........ 12
- Arbeidsgruppe 4) Fokusområde og regionale planar: ........ 13
- Arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr i felt og CWD: ........ 13

Fagleg status delprosjekta ........ 14
- Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7 ........ 14
- Arbeidsgruppe 2) Kraft og Anlegg i Nordfjella ........ 14
- Arbeidsgruppe 3) Ferdsel på Hardangervidda ........ 15
- Arbeidsgruppe 4) Regional plan og fokusområde ........ 16
- Arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr i felt og CWD ........ 17

Radiomerking og datainnsamling i 2018 ........ 17

ØKONOMI ........ 18

Oversyn inntekter 2018 ........ 18
- Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7 ........ 19
- Arbeidsgruppe 2) Kraft og Anlegg i Nordfjella ........ 19
- Arbeidsgruppe 3) Ferdsel på Hardangervidda ........ 19

Oversyn utgifter 2018 ........ 20

**Oppsummering:** ........ 23

**PROSJEKTAKTIVITET I 2019** ........ 23

**Budsjett og søknadar 2019** ........ 25

**Merking vinteren 2019** ........ 26

**REFERANSAR** ........ 27

**VEDLEGG** ........ 28

# Samandrag

GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella starta opp att i 2015/2016. Prosjektet bygger på ei vidareføring av overvakinga av villrein og Rv7, men har fått ei støre overbygging med ny referansegruppe i leiinga og fleire mindre delprosjekt under seg. Delprosjekta fordeler seg på;

- Overvaking av Rv7
- Kraft og anlegg i Nordfjella
- Ferdselskartlegging på Hardangervidda
- Fokusområde  og regionale planar
- Oppfølging av merka dyr i felt og skrantesjuke

I 2018 er det ikkje halde møte i referansegruppa, men eit stort seminar om villrein og ferdsel på Hardangervidda.

Vinteren 2018 sluttførte Statens Naturoppsyn arbeidet med å sanere villreinstamma i Nordfjella Sone 1, der CWD blei påvist på villrein i samband med GPS-merking i 2016. Instrumenterte dyr har hatt ein sentral funksjon for dette arbeidet, både for å lokalisere dyr innom Sone 1, men også for å halde kontroll med at det ikkje skjer utveksling av dyr til Sone 2, tamreinområdet i Filefjell eller Hardangervidda. I samband med dette måtte ein på kort varsel merke opp att villrein i Sone 2, etter at alle sendarar der måtte tas av då ein fekk ein episode med ising på batteripakkene. Dermed blei det merka 5(?) dyr i Nordfjella, derav alle med satellittsendarar. Den same isingsepisoden medførte at det ikkje blei merka dyr i andre område denne vinteren, heller ikkje Hardangervidda. Der var ein likevel godt dekt då der var 16-17 sendarar i 2017.

Arbeidet med overvakinga av villreinen i samband med revisjonsarbeida til regulantane i Nordfjella er elles gått som planlagt, sjølv om det har vore relativt lite anleggsaktivitet i 2018. Det forventast heller ingen stor aktivitet med dette før i 2020.

I ferdselsprosjektet på Hardangervidda er det i 2018 gjort eit stort arbeid med både teljarar ute langs mykje bruka stiar sentralt på vidda og innfallsportar, samt svarkasser knytt til innfallsportane. Tilsvarande med teljarar vinterstid i stikkaløypene og ved viktige innfallsportar. Det blei i 2017 også initiert eit arbeid med to nye arbeidspakker rundt fokusområdet Rv7, som starta opp i 2018. Dette går på registrering av parkerte bilar langs med-, og aktivitet ut ifrå Rv7 vinterstid, og meir finmaska undersøkingar av ferdsla ut ifrå Rv7 sommarstid. Dette er gjennomført i 2018. Norsk villreinsenter og Miljødirektoratet gjennomførte også eit stort seminar om villrein og ferdsel på Hardangervidda hausten 2018, som i stor grad tok utgangspunkt i den kunnskapen ein no har på temaet og alle brukargruppene som er involvert. Resultata frå seminaret er å finne i NVS Rapport 24/2018 Villrein og ferdsel på Hardangervidda.

Rulleringsarbeidet for Regional plan for Hardangervidda har gått for fullt i 2018 og koplinga til GPS-merkeprosjektet og særleg delprosjektet på ferdsel er viktig i dette arbeidet. Det har ikkje vore nokon

møte i Nordfjellarådet i 2018 og alle handlingsprogramprosjekt er satt på vent som følgje av situasjonen med skrantesjuke i området. Det er elles gjennomført eit forprosjekt «Velkommen til villreinfjellet» i verdiskapingsprogrammet «Villreinfjellet som verdiskaper» for Hardangervidda og Nordfjella i 2018. Dette prosjektet konkluderte med ein søknad om vidare hovudprosjekt frå 2019, saman med Nore- og Uvdal kommune sitt prosjekt «Tettere på villreinfjellet».

GPS-data frå villreinen på Hardangervidda har på same måten som dei føregåande åra, vore viktig i samband med gjennomføringa av tiltak i jakta, med oppretting av fredingssoner i nokre sentrale korridorar. I 2018 endra Hardangervidda villreinutval nokon av grensene i desse fredingssonene, men utprøvinga held fram også i åra som kjem.

Økonomisk hadde prosjektet med seg eit lite overskot inn i 2018 på kr. 36.581,- for alle delprosjekta samla. Dette har justert seg gjennom 2018 til at ein ved inngangen til 2019 har med eit lite underskot på kr. -15.001,-, som i sin heilskap kjem ifrå delprosjekt 3) Ferdsel på Hardangervidda. I søknad og budsjett for 2019 er det i tillegg lagt opp til eit administrasjonsbidrag på kr. 100.000,- som ein i skrivande stund ikkje har klar finansieringa for. Dette kjem prosjektleiinga tilbake til i løpet av 2019.

Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) ved Olav Strand går vidare med den faglege leiinga av prosjektet. Leiar for referansegruppa er Even Knutsen frå Fylkesmanen i Buskerud. Norsk villreinsenter Sør, er sekretariat for prosjektet. Det er Lena Romtveit og Anders Mossing som har ansvar for dette arbeidet.

Prosjektet har brei deltaking med dei fleste av dei store aktørane i forvaltningsbiletet på Hardangervidda og i Nordfjella representert. Prosjektet har dermed blitt ein særs viktig samlingsarena for både bestands- og arealforvaltninga for desse fjellområda. På seminaret om villrein og ferdsel i 2018, blei Norsk villreinsenter Sør utfordra til å leie eit arbeid med Fokusområde for Hardangervidda. Dette arbeidet er i skrivande stund så smått i gang og vil bli koordinert opp mot Handlingsprogrammet i Regional plan for Hardangervidda.

# Innleiing

GPS-merking av villrein på Hardangervidda starta i 2001 då ein ynskte å sjå på reinens forhold til Rv7. Dette prosjektet gjekk ut 2006 og resulterte mellom anna i rapportane *Rv7-tunneler på Hardangervidda* (Bevanger m.fl. 2005) og *Reinens bruk av Hardangervidda* (Strand m.fl. 2005). I mellomtida fekk ein i 2003 også eit stortingsvedtak om eit stengingsregime for vegen vinterstid for å sikre reinens moglegheiter for kryssing. Dette medførte at ein måtte  halde fram med å overvake villreinen med bruk av GPS-sendarar. Ein blei raskt samde om å samle seg om eit nytt prosjekt i 2007 for å nytte denne anledninga til å sjå nærare på fleire problemstillingar som kom opp i det fyrste prosjektet. Denne gongen tok ein også med Nordfjella for å betre å kunne kartlegge reinens arealbruk i kvart av områda og mellom desse; frå Rv7 til Bergensbanen (administrativt ligg dette område under Hardangervidda). Parallelt har det også gått tilsvarande prosjekt i Setesdalsheiane; eitt frå 2007 til 2010 for både Setesdal Aust- og Vesthei (Strand m.fl 2011) og eit nytt som heldt fram i Setesdal Vesthei 2012-2017. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella har hatt fleire fellesmøte med prosjekta i Setesdalsheiane for å drøfte parallelle problemstillingar på tvers av områda. Det siste prosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella blei avslutta i 2014, med årsmeldingar for kvart år (Romtveit, L. 2010, 2011, 2012, 2013, 2014 og 2015) og rapportane *Veger og villrein: Oppsummering – overvåkning av Rv7 over Hardangervidda* (Strand m.fl 2015) og *Fragmentering og villrein* (Nilsen og Strand 2017). Overvakings- og stengingsregimet for Rv7 av omsyn til villreinen er vedteke å halde fram enn så lenge, sjølv om vegen dei komande åra ikkje vil bli stengt, som følgje av situasjonen med CWD i Nordfjella. Dermed fortset også overvaking av villreinen i forhold til Rv7 med bruk av GPS-sendarar. Det er som tidlegare Statens Vegvesen som står for finansieringa av denne overvakinga. Med bakgrunn i dette ynskte den tidlegare styringsgruppa å vidareføre møtearenaen desse prosjekta har representert  som ei samlande referansegruppe. Dessutan ville dei organisere aktuelle prosjekt som brukar GPS-data frå rein frå Hardangervidda og Nordfjella under denne overbygninga. Styringsgruppa frå det siste prosjektet blei dermed i eit eige møte samde om at ein vidarefører møtearenaen, med i hovudsak dei same instansane og representantane. No som ei samlande referansegruppe for det overbyggande GPS-merkeprosjektet (tabell 1). Under denne er ulike delprosjekt organisert med eigne arbeidsgrupper. Felles for desse er at alle arbeider med kunnskapsinnhenting for sine tema med utgangspunkt i GPS-data frå villrein.

**Tabell 1: Oversyn over medlemmene i den overbyggande referansegruppa for GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella i perioden 2015-2022.**

| **Samlande referansegruppe:** | |
|---|---|
| Instans: | Representant: |
| **NINA** | Olav Strand (fagleg leiar) |
| **Norsk Villreinsenter Sør** | Lena Romtveit (sekretariat) |
| **Fylkesmannen i Buskerud** | Even Knutsen (leiar) |
| **Miljødirektoratet** | Erik Lund |
| **Vegdirektoratet - Miljøseksjonen** | Pål Rosland |
| **Vegdirektoratet -Miljøseksjonen** | Karianne Thøger Haaverstad/Håvard Hjermstad-Sollerud |

| | |
|---|---|
| **Vegdirektoratet -Nasjonal Turistveg** | Therese Ruud |
| **NVE** | Jan Henning L`Abèe-Lund |
| **NVE** | Frode Johansen |
| **Hardangervidda Villreinutval** | Henning Poulsson |
| **Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet** | Endre Lægreid |
| **Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet** | Martine Hamnes |
| **Buskerud Fylkeskommune** | Ellen Korvald |
| **Nordfjella Villreinutval** | Sigmund Tveitehagen |
| **Nordfjella Villreinutval** | Harald Skjerdal |
| **Villreinnemnda for Nordfjella** | Siri Bøthun |
| **Villreinnemnda for Nordfjella** | Per Aksel Knudsen |
| **SNO** | Lars Inge Enerstvedt |
| **SNO** | Petter Bråten |
| **Vassdragsregulantane** | Bjørn Otto Dønnum (E-CO) |
| **Kommunane** | Felles representant ikkje valt |
| **DNT** | Jan Erik Reiten |

# Prosjektaktivitet i 2018

## Administrasjon og møteverksemd

I 2018 blei det ikkje halde noko eige møte for Referansegruppa, då det var eit møte i desember 2017. I staden arrangerte Norsk villreinsenter Sør og Miljødirektoratet eit seminar på Geilo 25 -26. oktober om villrein og ferdsel på Hardangervidda (Romtveit m.fl. 2019). Dette tok i stor grad utganspunkt i den kunnskapen som er samla inn gjennom GPS-merkeprosjektet og delprosjektet om Ferdsel på Hardangervidda. I tillegg var det ein brei gjennomgang av ulike prosessar som no går på Hardangervidda, som rulleringa av Regional plan, arbeidet med Besøksstrategi for verneområda på Hardangervidda og Verdiskapingsprosjektet «Velkommen til villreinfjellet». Dei ulike brukargruppene var også til stades og presenterte sine aktivitetar og tankar om framtida. Forsamlinga blei også orientert om statusen med arbeidet for å etablere ny forvaltningsordning for verneområda på Hardangervidda. Over 80 personar deltok på seminaret og resultata er å finne under «Norsk villreinsenter» og «Publikasjoner» på nettsida www.villrein.no.

Ut over dette har arbeidet og resultata både frå hovudprosjektet og Ferdselsprosjektet blitt presentert og nytta i mange andre samanhengar gjennom året der dette er relevant og formidling av kunnskap herfrå er stadig meir etterspurt.

## Prosjektets organisering

Prosjektet har ei organisering med GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda som hovudprosjekt og den overbyggande referansegruppa som «styre» (tabell 1). Under dette er det organisert ulike tematiske delprosjekt, med eigne arbeidsgrupper som vist under. Alle arbeidsgruppene rapporterer årvisst til Referansegruppa i fellesmøte. Gruppene har ulik grad av aktivitet og organisering.

### Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7:

Denne arbeidsgruppa har sitt utspring i overvakinga av villreinen i forhold til Rv7, som er nedfelt i eige stortingsvedtak og har vore berebjelken i GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda sidan oppstarten i 2001. Dette er ei arbeidsgruppe som styrast av Statens Vegvesen (SVV) og Miljødirektoratet (MiD), som har kontinuerleg kontakt med Statens Naturoppsyn (SNO) vedr. stenging av vegen etter eige driftsregime, dersom reinen kjem innom visse soner. Dette er ei arbeidsgruppe som også er å rekne for hovudstamma av prosjektet, då i hovudsak all finansiering av GPS-merkinga i prosjektet finansierast gjennom desse bidragsytarane (tabell 2).

**Tabell 2: Budsjett og bidragsytarar arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7:**

| **Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7** | | |
|---|---|---|
| **Bidragsytar:** | **Budsjett kr:** | **Kommentar:** |
| Statens Vegvesen: | 198.546,- | Midlar til merking og drift av inntil 20 GPS-sendarar per år. |
| **SUM 2018:** | **198.546,-** | |

### Arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg i Nordfjella:

Denne arbeidsgruppa har sitt utspring i revisjonsarbeid på fleire damanlegg, samt moglege kraftutbyggingsprosjekt i Gravdalen i Nordfjella villreinområde. I samband med vedtak om revisjonsarbeid og utbyggingssaker har NVE pålagt aktuelle regulantar å bidra med økonomisk støtte til GPS-merking av rein i Nordfjella, for å fylgje utviklinga gjennom anleggsperioden. Etter kvart er det blitt klart at det berre er dam-rehabiliteringsprosjekta til E-Co som skal gjennomførast i denne omgang og at det dermed berre er dei som er inne med finansiering i fyrste omgang. I tillegg er NVE representert i arbeidsgruppa. Då ein i 2018 var gått heilt over på forvaltningsmerking av villrein i Nordfjella som følgje av merkebehovet knytt til CWD-situasjonen, blei også ein stor del av merkekostnadane dekt av Miljødirektoratet til dette delprosjektet i Nordfjella i 2018 (tabell 3).

**Tabell 3: Budsjett og bidragsytarar arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg i Nordfjella:**

| **Arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg i Nordfjella** | | |
|---|---|---|
| **Bidragsytar:** | **Budsjett kr:** | **Kommentar:** |
| E-Co: | 315.000,- | |
| NVE: | | |
| Miljødirektoratet: | 236.689,- | |
| Miljødirektoratet Prosjektoverføring: | 238.724,- | |
| **SUM 2018:** | **790.413,-** | |

## Arbeidsgruppe 3) Ferdselskartlegging på Hardangervidda:

Denne arbeidsgruppa har eiga fagleg leiing av Vegard Gundersen (NINA), men ligg organisert under GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella, som dei andre arbeidsgruppene. Ferdselsundersøkingar på Hardangervidda er eit lenge etterspurt tema og arbeidsgruppa har ei brei samansetting, då temaet er relevant for så å seie alle aktørane rundt vidda.

**Tabell 4: Samansetting og finansiering arbeidsgruppe 3) Ferdselskartlegging på Hardangervidda 2018:**

| Arbeidsgruppe 3) Ferdselskartlegging på Hardangervidda | | |
|---|---|---|
| **Bidragsytar:** | **Kr:** | **Kommentar:** |
| Besøksstrategi Hardangervidda | 352.945 | Midlar frå besøksstrategien visast som ein pott, men er innbetalt via både Norsk villreinsenter Sør (158.000,- i rest frå 2017) og Fylkesmannen i Hordaland (194.945,- for 2018). |
| Fylkesmannen i Buskerud | 40.000 | Innbetalinga er reelt langt høgare; 226.386,- og innehar nemndas løyving på kr 186.385,-.. |
| Fylkesmannen i Hordaland | 0 | Direkte løyving frå FMHo; 0,-, men faktisk innbetalt; 194.945,- som er midlar frå Besøksstrategien. |
| Fylkesmannen i Telemark | 0 | |
| Handlingsprogramma Regional Plan | 0 | |
| Buskerud Fylkeskommune | 90.000 | |
| Telemark Fylkeskommune | 90.000 | |
| Hordaland Fylkeskommune | 90.000 | |
| Hardangervidda Villreinutval | 20.000 | |
| Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet | 186.385 | Løyvinga er innbetalt via FMBu. |
| Statens Vegvesen, Miljøseksjonen | 200.000 | Løyvinga er innbetalt via Norsk villreinsenter Sør. |
| Statens Vegvesen, Nasjonal turistveg | 50.000 | |
| Vinje kommune | 15.000 | |
| Odda kommune | 10.000 | |
| Ullensvang herad | 15.000 | |
| Eidfjord kommune | 40.000 | 40.000 innbetalt, 15.000 løyvd (overskytande 25.000 er 2017-midlar som kom i 2018?) |

| | | |
|---|---|---|
| Ulvik herad | 0 | 15.000 løyvd, kr 0 er innbetalt per desember 2018 |
| Hol kommune | 15.000 | |
| Nore- og Uvdal kommune | 15.000 | |
| Rollag kommune | 0 | 10.000 løyvd, kr 0 er innbetalt |
| Tinn kommune | 15.000 | |
| DNT | 25.000 | |
| Miljødirektoratet | 200.000 | |
| **SUM 2018:** | **1.469.330,-** | |

## Arbeidsgruppe 4) Fokusområde og regionale planar:

Denne arbeidsgruppa har sitt utspring i at handlingsprogramma frå dei regionale planane hhv. på Hardangervidda og i Nordfjella har initiert fleire villreinrelaterte prosjekt. Fleire av desse ser fordelar av å vera ein del av eit støre overbyggande prosjekt på villrein og ein har difor søkt handlingsprogramma om deltaking i og økonomisk støtte til dette overbyggande GPS-merkeprosjektet. Nokre av midlane går direkte inn i hovudprosjektet, synt i tabell 5, medan andre går inn i delprosjekt 3) Ferdselskartlegging på Hardangervidda (tabell 4). For å sikre at desse prosjekta frå handlingsprogramma får ynskt fokus og samgang med andre relevante tema er det difor oppretta eiga arbeidsgruppe for dette.

**Tabell 5: Budsjett og bidragsytarar arbeidsgruppe 4) fokusområde og regionale planar:**

| Arbeidsgruppe 4) Fokusområde og regionale planar | | |
|---|---|---|
| **Bidragsytar:** | **Budsjett kr:** | **Kommentar:** |
| Buskerud Fylkeskommune | 0 | Eigne midlar gjennom Handlingsprogramma til Regionalplan. Vil delvis kunne inngå i «Arbeidsgruppe 3) Ferdselskartlegging», jf. «Regionalplan Hardangervidda -Statusrapport 2016. Handlingsprogram 2017-2020». |
| Fylkesmannen i Buskerud | | |
| **SUM 2018:** | **0** | |

## Arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr i felt og CWD:

Denne arbeidsgruppa har sitt utspring i to ting:

1) Ny forskrift om forsøksdyr (omhandlar også GPS-merking av rein) krev no i støre grad oppfølging av dei merka dyra i felt, for å redusere risikoen for uynskte hendingar.
2) I 2016 oppdaga tre tilfelle av skrantesjuke hjå villrein i Nordfjella, samt to tilfelle på elg i Trøndelag. Dette er ein heilt ny situasjon i Noreg som krev ekstraordinære tiltak og handling. Då GPS-merkeprosjektet på villrein i utgangspunktet samlar mange av dei sentrale aktørane også for skrantesjukeproblematikken, har ein i dette prosjektet valt å nedsette ei eiga arbeidsgruppe som sikrar samgangen mellom overvakinga av merka dyr i felt og prøveinnsamling til arbeidet med skrantesjuke.

Statusen for denne arbeidsgruppa er i dag at desse oppgåvene handterast direkte av Mattilsynet og Miljødirektoratet, samt NINA og SNO under eigne instruksar, mellom anna for bruk og oppfølging av forsøksdyr. Gruppa er soleis per i dag ikkje aktiv i dette prosjektet, men fleire av aktørane er representert i Referansegruppa for det overbyggande hovudprosjektet.

**Tabell 6: Budsjett og bidragsytarar arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr og CWD:**

| **Arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr i felt og skrantesjuke** | | |
|---|---|---|
| **Bidragsytar:** | **Budsjett kr:** | **Kommentar:** |
| NINA | | Organisering og finansiering gjennom Miljødirektoratet og Mattilsynet. |
| SNO | | |
| **SUM per år:** | | |

# Fagleg status delprosjekta

## Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7

Trass i at vedtaket om overvaking av reinen i høve til Rv7 står ved lag, er stengingsregimet for vegen midlertidig under ein endra instruks, som fylgje av skrantesjukeproblematikken i Nordfjella. Det er per i dag ikkje aktuelt å stenge vegen for at villrein skal krysse, men dette blir vurdert kontinuerleg etter som situasjonen med skrantesjuke utviklar seg. Det er Miljødirektoratet og Vegdirektoratet som handterer dette i samråd med Mattilsynet, Veterinærinstituttet, SNO og NINA. Statusen for merking av villrein i 2018 omtalast i kapittel lengre ned (*Radiomerking og datainnsamling i 2018*).

## Arbeidsgruppe 2) Kraft og Anlegg i Nordfjella

Oppsummering av aktivitet i arbeidsgruppa, ved sekretær Siri W. Bøthun.

*Gruppa er sett saman av dei viktigaste dialogpartane når det gjeld inngrep og forstyrring i villreinområdet relatert til kraftanlegg, med unnatak av ein regulant. Nytt i 2019 var at NVS, ved Lena Romtveit, deltok på haustmøtet (via Skype). Elles har samansettinga i gruppa vore uendra, ikkje alle representantane frå kvart organ har vore med på møta, dette har variert noko.*

*I 2018 har det vore lite anleggsaktivitet i villreinfjellet, og arbeidsgruppa har tilpassa sin aktivitet til dette. Haustmøtet frå 2017 vart utstett til januar månad 2018. Dette vart halde 10. januar 2018 i Vassbygdi. Det vart gjort ei oppsummering av 2017-sesongen, denne er nemnd i årsmeldinga for 2017. Under gjennomgang av planar for 2018 såg ein at det var berre enkle småprosjekt, i form av opprydding etter året før og noko tilrettelegging for neste års arbeid, ved t.d. utbetring av anleggsveg, som ville gå føre seg innanfor, eller i randsona til villreinområdet. Det vart bestemt å hoppe over vårmøtet, då me ikkje såg trong for å kome saman i forkant av sesong. Haustmøtet vart sett opp etter planen.*

*Den 19. november vart det halde haustmøte i Vassbygdi. Me fekk då oppsummert aktiviteten 2018, og gjekk gjennom status på gjennomførte og komande prosjekt. Me vart m.a. synt ein film som syner før-under og etter arbeidet med brottjern i Vargene. Filmen er ikkje heilt ferdig, men møtelyden var særs nøgd med terrengtilpassingane og det etterarbeidet ein så langt har gjennomført. Det står att noko innsats for revegetering.*

*I 2019 vert det anleggsarbeid med steinbrot og rehabilitering på mindre dammar. All aktiviteten vil skje i sone 1, der det pr. dato ikkje er dyr. Det er difor ikkje trong for særlege overvakingstiltak. Det prosjektet som skal gjennomførast/startast opp i 2019, som potensielt kan påverke villreinen mest i høve til varige terrenginngrep, er ved Nyhelleren. Det er mellom anna planlagd eit steinbrot i form av brottjern. I oppdaterte planar, presentert på møtet, vert brottjernet flytt. Dette medfører ei positiv endring for rein, då tjernet kjem unna ei trekkrute som kunne vorte delvis råka i opphavleg plassering.*

*Dei aktuelle detaljplanane vart send ut på avgrensa høyring av NVE før endeleg godkjenning. Villreinforvaltinga beit seg då merke i at dei justerte planane og har ein ny tilkomstveg til sekundærdammen i Nyhelleren. Den kan potensielt skape ei trekkbarriere på eit tidlegare nytta trekk forbi dammen, og villreinnemnda og utvalet ga merknadar om dette i høyringa. Dette syner at sjølv om ein møtest kan det være moment som ikkje vert fanga opp av fokuset og hovuddiskusjonane i møtet.*

*Dialog mellom oppsyn og anleggsleiarar har vore mindre aktuelt i 2018, og det vil heller ikkje være særleg trong for overvaking og kontakt angåande dyreflokkar i 2019. I 2020 vert dette behovet igjen sterkare, då ein skal til i nye prosjekt i sone 2.*

## Arbeidsgruppe 3) Ferdsel på Hardangervidda

Oppsummering av aktivitet i delprosjektet, ved fagleg leiar Vegard Gundersen.

*I 2018 var det stor aktivitet på ferdselsprosjektet. Det meste handlet om å samle inn data på ferdsel til villrein-ferdselsanalysene som skal gjennomføres i 2019. Det har i tillegg i 2018 vært rapportering, formidling og også kvalitetssikring av data med vitenskapelige artikler og deltakelse på internasjonale konferanser.*
*Vinteren 2018 ble 75 tellere montert på 50 lokaliteter (en del doble tellere) på hele løypenettet i perioden slutten av februar til slutten av april. Det er første gang vi har fått en heldekkende telling av folk på skiløypene for hele sentrale Hardangervidda. Dataene vil bli kjørt direkte opp mot reinens forflytninger i den samme perioden. Tallene viser de samme trendene som i 2016 og 2017, med variabel ferdsel før påske, stor ferdsel i påsken, og lav ferdsel etter påske. Tellinger vinterstid blir videreført i 2019, men med konsentrasjon rundt noen de viktigste innfallsportene til Hardangervidda.*

*Det ble gjennomført etterundersøkelse vinteren 2018. Vi lagde et omfattende spørreskjema og som ble sendt til de som hadde skrevet inn eposten sin i svarkassene sommeren 2017. Undersøkelsen var således internettbasert. Resultatene fra denne undersøkelsen og fra svarkassene i 2017, ble rapportert i NINA Rapport 1530 (https://www.villreinutval.no/web_images/nina_rapport_1530_hardangervidda.pdf).*
*I 2018 samlet vi inn mer data på parkerte biler langs Rv7 og utfart ut fra vegen (5 faste observasjonspunkt). Det ble i alt kjørt 40 turer over vidda med telling av biler og folk i perioden januar til juli.*
*Sommeren 2018 satte vi i gang en omfattende registrering av utfart fra Rv7, med både etablering av svarkasser med spørreskjema og tellere på alle stiene som går ut fra vegen.*
*Også i 2018 telte vi ferdsel på stinettet på hele Hardangervidda. I alt ble det brukt om lag 75 tellere til dette. All telling, både sommer som vinter, har skjedd i samarbeid med SNO, fjellstyrer og NINA.*
*I 2018 startet vi også opp arbeidet med å klargjøre og presentere data på ferdsel og villrein. Vi lagde intensitetskart som viser ferdselen på Hardangervidda i ulike perioder sommerstid sammen med GPS plott villrein. Dette viser noen interessante resultater knyttet til redusert utnyttelse av funksjonsområdene til villrein i barmarkperioden.*
*Det er også skrevet prosjektbeskrivelser på delprosjekter:*

1) *Rv7 – registreringer både sommer og vinter 2018 (gjennomført)*
2) *Spørreundersøkelse rettet mot lokalbefolkningen i kommunene rundt Hardangervidda (Ikke gjennomført)*
3) *Villrein-ferdselsundersøkelser (Ikke gjennomført)*
4) *Trolltunga (Ikke gjennomført)*

*I 2019 planlegges det vintertellinger, og litt supplerende datainnsamling sommerstid. Det viktigste blir likevel ferdsel-villrein analysene som skal gi grunnlag for anbefalinger fra prosjektet.*

## Arbeidsgruppe 4) Regional plan og fokusområde

Oppsummering av aktivitet i arbeidsgruppa, ved Ellen Korvald.

***Rullering av Regional plan for Hardangervidda***

*Planprogram for rulleringen av den regionale planen ble vedtatt i de tre fylkesutvalgene vinteren 2017/2018. Arbeidet gjennomføres i all hovedsak i samsvar med dette planprogrammet. Hardangerviddarådet er styringsgruppe for prosessen. Prosjektleder arbeider også i tett dialog med en administrativ gruppe fra berørte kommuner, fylkeskommuner, fylkesmenn og villreinnemnda. Villreinsenteret har i 2017 bistått prosessen med villreinfaglige utredninger, vurderinger og drøftinger.*

*Viktige spørsmål er justering av sonegrenser, oppgradering av retningslinjer og nytt handlingsprogram. Men rulleringen innebærer ikke store endringer av gjeldende plan.*
*De mest omdiskuterte spørsmålene i 2017 har vært knyttet til endringer av sonegrenser i Valldalen og til prøveprosjekt med vinteråpen vei over Imingfjell.*
*Rullert plan forventes vedtatt i 2019.*

***Regional plan for Nordfjella***

*Regional plan for Nordfjella ble vedtatt i 2014. Som en oppfølging av dette er Nordfjellrådet etablert. Det ble ikke gjennomført møter i Nordfjellarådet i 2018. Planlagt møte høsten 2018 ble avlyst i påvente av fullføring og avklaringer rundt programarbeidet Kampen mot skrantesjuke – CWD.*
*Øvrige handlingsplanprosjekter er inntil videre stilt i bero pga. skrantesjuke i området.*

***Villreinfjellet som verdiskaper***

*Buskerud fylkeskommune gjennomførte i 2018, på vegne av Hardangerviddarådet og Nordfjellarådet, forprosjektet «Velkommen til villreinfjellet». Samtidig gjennomførte Nore og Uvdal kommune sitt forprosjekt «Tettere på villreinfjellet». De to forprosjektene hadde god dialog underveis og ved avslutning ble det besluttet å søke ett felles hovedprosjekt fra 2019, «Mennesket og reinen».*
*Målsettingen er å bygge villreinfjellet som merkevare og gjennom det gi grunnlag for verdiskaping samtidig som det er et mål om miljømessig verdiskaping ved å ivareta og forbedre livsvilkårene for villreinen.*
*Basert på funn og erfaringer fra forprosjektene har hovedprosjektet definert fire innsatsområder:*

1. *Utvikle attraksjoner/destinasjoner der i første omgang fem piloter er pekt ut.*
2. *Utvikle avbøtende tiltak, som å kanalisere ferdsel vekk fra sårbare områder samtidig som man tenker verdiskaping*
3. *Utvikle program for villreinambassadører i reiselivet.*
4. *Informasjon og formidling mot publikum.*

*Prosjektansvaret ligger i Buskerud fylkeskommune, men det er forutsatt tett samarbeid med en rekke samfunnsaktører. Villreinsenteret vil bli en svært viktig medspiller.*

### Arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr i felt og CWD

Denne arbeidsgruppa har så langt ikkje vore aktiv som del av prosjektet, då oppgåvene knytt til handteringa av CWD løysast av Mattilsynet og Miljødirektoratet direkte. Oppfølging av merkte dyr i felt, også som eit ledd i handteringa av CWD i nasjonal skala, koordinerast i dag direkte og sjølvstendig av NINA og SNO.

## Radiomerking og datainnsamling i 2018

På Hardangervidda reknar ein med at ved ein bestand på 6 – 12 000 dyr vil få ein rimeleg sikker dokumentasjon på stammas arealbruk med å ha mellom 10 og 20 GPS-sendarar i drift. Ein merka totalt 14 dyr på Hardangervidda i 2017 og i desember 2017 var det totalt 16-17 GPS-sendarar i drift.
Det blei GPS-merka totalt 15 nye dyr i Nordfjella i 2017 i samband med CWD-arbeidet. Dette hadde stor nytteverdi i 2017 både i sone 1, med tanke på saneringsarbeidet der, samt i sone 2 med tanke på å følgje opp reinen i dette området i forhold til smitte, utveksling osv. Parallelt har det også vore viktig at merkinga på Hardangervidda er oppretthalden med tanke på å kunne følgje med på og kontrollere ev.

trekkaktivitet opp mot Nordfjella. Av dei merka dyra blei det også sett på totalt 5 satellittsendarar på bukk.

I Nordfjella Sone 2 blei det i 2018 gjort ei utskifting av sendarar og merka nye dyr vinteren 2018. Bakgrunnen for dette er at det oppstod eit problem med ising på sendarane i dette området, noko som gjorde at desse sendarane måtte tas av ved drop-off, eller uttak av dyret i dei tilfella dropoff-funksjonen ikkje virka. Dette gjaldt alle dei 5 merka dyra i dette området, som alle hadde varierande grad av ising på batteripakka. Etter dette er nye dyr merka med satellittsendarar i Sone 2, men då i regi av Miljødirektoratet ved SNO. Denne merkinga blei då ei såkalla forvaltingsmerking og går utanom vilkåra knytt til bruk av forsøksdyr, slik NINA sine merkeløyve er gitt. Grunnen til at remerkinga blei gjennomført på denne måten i Sone 2 var at det hasta å få på plass nye sendarar i området for å sikre overvakinga av dyra i samband med CWD-handteringa og før det leid for langt på vinteren (med tanke på drektige simler og føreforhold for merking).

Desse hendingane gjorde at all anna GPS-merking av villrein blei utsett i 2018. Både for å prioritere re-merking i Nordfjella samt tekniske utbetringar av sendarane og oppfølgingsrutiner m.m. Dermed blei det ikkje satt på sendarar på Hardangervidda i 2018.

Alle utbetringar er no oppe og går i 27. mars 2019 er status 11 nye simler merka på Hardangervidda (totalt 17 i drift) og 9 i Nordfjella Sone 2, derav 6 bukkar. Den eine av simlene i Nordfjella er merka i Raudafjellet (i 2018), det same gjeld den eine av bukkane merka i 2019.

# Økonomi

Statens vegvesen held fram med å finansiere merking og drift av inntil 20 sendarar på Hardangervidda til ei kvar tid. Nokre av desse vil bli sett på dyr i området mellom Rv7 og Bergensbanen. Så langt har ein her i hovudsak berre hatt Nordfjelladyr. I Nordfjella er merkinga av villrein no ei rein forvaltingsmerking i regi av Miljødirektoratet, som også står for finansiering og gjennomføring av dette. I tillegg har framleis regulantane eit pålegg frå NVE om overvaking i samband med revisjonsarbeid på kraftanlegga i fjellet og gjennomføring og finansiering av dette må dermed koordinerast med Miljødirektoratets overvaking. Utover merking og drift av radiosendarane må dei resterande kostnadane for delprosjekta i GPS-merkeprosjektet skaffe annan finansiering.

## Oversyn inntekter 2018

Organiseringa med eit stort overbyggande prosjekt over fleire relativt store delprosjekt, medfører mykje økonomi totalt sett. Nokre av delprosjekta går i pluss og nokre svakt i minus. Jamfør tabell 7-13 har det overbyggande GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella difor med seg eit samla underskot på kr. -15.001,- inn i 2019 (tabell 13). Økonomien i prosjektet er vidare presentert for kvart delprosjekt:

## Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7

Dette er grunnstamma i prosjektet, då midlane frå Statens vegvesen til instrumentering og årleg drift av sendarar på inntil 20 dyr, går inn her. I 2018 er bidraget frå Statens vegvesen kr 198.546,- (tabell 7). Midlar som høyrer inn under arbeidsgruppe 4) Regionale planer og fokusområde blir ført på det same hovudprosjektet.

I 2018 har det ikkje vore inntekt til sistnemnte arbeidsgruppe på denne posten, men det er varsla ny runde med midlar herfrå i 2019, på same postering

**Tabell 7: Inntekter til hovudprosjektet (administrert under Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7 og Arbeidsgruppe 4) Regionale planer og fokusområde) i 2018.**

| **Hardangervidda** 12473000 | **Inntekt:** |
|---|---:|
| Statens vegvesen | 198 546,00 |
| Buskerud fylkeskommune | |
| **Total inntekt 2018** | **198 546,00** |

## Arbeidsgruppe 2) Kraft og Anlegg i Nordfjella

Dette delprosjektet skal i utgangspunktet driftast med midlar frå lokale vassdragsregulantar i Nordfjella, etter pålegg frå NVE i samband med revisjonsarbeid på ulike damanlegg i området. I 2018 er inntektene frå aktuell regulant (same som i fjor; E-Co) kr 315 000,- (tabell 8) for 2018. I tillegg blei det også i 2018 tilført betydelege summar (totalt kr 475.413,-) til instrumentering av dyr i dette området, frå Miljødirektoratet (tabell 8), i samband med handteringa av CWD på villreinen her.

**Tabell 8: Inntekter til delprosjektet i Nordfjella i 2018, administrert av Arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg i Nordfjella**

| **Nordfjella** 12473010 | **Inntekt:** |
|---|---:|
| Miljødirektoratet | 236 689,00 |
| Miljødirektoratet Prosjektløyving | 238 724,00 |
| E-Co | 315 000,00 |
| **Total inntekt 2017** | **790 413,00** |

## Arbeidsgruppe 3) Ferdsel på Hardangervidda

Ferdselsprosjektet er det delprosjektet med breiast finansiering og flest aktørar. Dette delprosjektet leverer kunnskapsgrunnlag til fleire forvaltingsprosessar som no er i gang rundt Hardangervidda og desse er alle sentrale bidragsytarar til finansieringa. I 2018 er inntektene frå desse til saman kr 1.469.331,- (tabell 9). Oversynet i tabell 9, viser kva beløp som faktisk er ført på kvar enkelt bidragsytar i rekneskapet hjå NINA, medan tabell 4 (tidlegare i dokumentet) viser kva dei ulike bidragsytarane har løyvd, sjølv om nokre overføringar skjer via andre instansar.

Tabell 9: Inntekter til delprosjektet med ferdselsregistreringar i 2018, administrert av Arbeidsgruppe 3) Ferdsel på Hardangervidda.

| **Ferdsel** **17780000 (tidlegare 12473020)** | **Inntekt:** |
|---|---|
| Besøksstrategi Hardangervidda | |
| Fylkesmannen i Buskerud | 40 000 |
| Fylkesmannen i Hordaland | 194 945 |
| Fylkesmannen i Telemark | |
| Handlingsprogramma regional plan | |
| Buskerud Fylkeskommune | 90 000 |
| Telemark Fylkeskommune | 90 000 |
| Hordaland Fylkeskommune | 90 000 |
| Hardangervidda villreinutval | 20 000 |
| Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, via FMBu | 186 386 |
| Statens vegvesen, Nasjonal Turistvegseksjonen | 50 000 |
| Statens vegvesen, Miljøseksjonen | 200 000 |
| SNO og andre som bidreg med feltarbeid/datainnsamling | |
| Norsk villreinsenter Sør | 158 000 |
| Vinje kommune | 15 000 |
| Odda kommune | 10 000 |
| Ullensvang herad | 15 000 |
| Eidfjord kommune | 40 000 |
| Ulvik herad | |
| Hol kommune | 15 000 |
| Nore- og Uvdal kommune | 15 000 |
| Rollag kommune | |
| Tinn kommune | 15 000 |
| Den Norske Turistforening, Oslo og Omegn | 25 000 |
| NVE | |
| Miljødirektoratet | 200 000 |
| **Total inntekt 2018** | **1 469 330,00** |

Inntektene til Arbeidsgruppe 4) Regionale planer og fokusområde, er som vist over ført på hovudprosjektet administrert av Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7 (tabell 7). Medan Arbeidsgruppe 5) CWD og oppfølging av merka dyr i felt, per i dag ikkje er i drift som aktiv del av dette prosjektet.

## Oversyn utgifter 2018

Utgiftene til prosjektet i 2018 fordelar seg i hovudsak på oppfølging av merka dyr i felt, merking av dyr i Nordfjella (tabell 10 og 11) og timekostnader knytt til ferdselsprosjektet, mellom anna til utplassering, drift og innhenting av teljarar og svarkasser, samt analyser av innsamla data (tabell 12).

**Tabell 10: Direktekostnader og timekostnadar for hovudprosjektet på Hardangervidda (delprosjekt 1) i 2018. Kostnadene knyter seg i hovudsak til oppfølging av merka dyr.**

| **Hardangervidda** 12473000 | **Utgifter:** |
|---|---|
| **Direkte kostnader:** | |
| Husleie/bokostnader | 21 779 |
| Tele- og datakostnadar | 0 |
| Anskaffelsar, diverse feltutstyr | 20 000 |
| Eksterne tenestar | 108 328 |
| Reise og møtekostnader | 5 677 |
| Diverse kunder norske | 65 610 |
| **Sum direktekostnader** | **177 836** |
| | |
| **Timekostnader:** | **Timar:** |
| Roy Andersen | 19,0 |
| **Sum timekostnadar:** | **20 710** |
| | |
| **SUM PROSJEKTKOSTNADAR:** | **198 546** |

I Nordfjella blei kostnadane noko høgare enn normalt (tabell 11), men alle utgifter knytt til arbeidet i dette området dekkast av Miljødirektoratet og regulanten E-Co. Bakgrunnen var mellom anna at ein både måtte droppe sendarar på dyr som hadde fått isdanning på batteripakka, samt skyte dei merka dyra der dropoff-funksjonen ikkje virka, før ein monterte nye sendarar på dyr i området. Samt at ein i Nordfjella i 2018 nytta og utbetra satellittsendarar, med utbetra dropoff-funksjon. Desse utgjer ein stor del av utgiftene til anskaffingar i 2018.

**Tabell 11: Direktekostnader og timekostnadar for delprosjektet i Nordfjella (arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg i Nordfjella) i 2018. Størstedelen av kostnadane i 2018 er relatert til instrumentering av villrein.**

| **Nordfjella** 12473010 | **Utgifter:** |
|---|---|
| **Direkte kostnader:** | |
| Tele- og datakostnadar | 0 |
| Elektronisk utstyr m.m. | 464 216 |
| Annet vitenskapelig / teknisk utstyr | 0 |
| Diverse feltmateriell | 20 000 |
| Verneutstyr | 2 158 |
| Eksterne tenester | 192 647 |
| Reise- og møtekostnadar | 7 896 |
| **Sum direktekostnader** | **686 918** |
| | |
| **Timekostnader:** | **Timar:** |
| Olav Strand | 25,5 |
| Roy Andersen | 58,5 |
| Bjørnar Ytrehus | 3,5 |

| | |
|---|---:|
| **Sum timekostnadar:** | **103 495** |
| | |
| **SUM PROSJEKTKOSTNADAR:** | **790 413** |

På ferdselsprosjektet er det driftsutgifter på kr 1.305.026,- i 2018. Kostnadane er i all hovudsak knytt til timekostnadar for feltarbeid, planlegging og administrasjon, samt samanstilling og analysar av data. Hardangervidda er det største området NINA har hatt ferdselsregistreringar i. Det er betydeleg feltarbeid knytt til å oppsøke alle innfallsportane til Hardangervidda, og dette er gjort fleire gonger i løpet av sommaren også i 2018 for å sikre god kvalitet på data. SNO har gjennom eigeninnsats og tenestekjøp bidrege stort inn i prosjektet (uspesifisert). Dette er ein kostnad som vil bli synleggjort i prosjektet.

**Tabell 12: Direktekostnader og timekostnadar for delprosjektet med ferdselsundersøkingar (arbeidsgruppe 3) Ferdsel på Hardangervidda) i 2018.**

| **Ferdsel** 12473020 | **Utgifter:** |
|---|---:|
| **Direkte kostnader:** | |
| Anskaffelsar/utstyr | 5 252 |
| Eksterne tenester | 103 781 |
| Reise- og møtekostnadar | 115 999 |
| Diverse kunder norske | 179 305 |
| **Sum direktekostnader** | **404 338** |
| | |
| **Timekostnader:** | **Timar:** |
| Morten Heim | 3,0 |
| Vegard Gundersen | 255,0 |
| Line Camilla Wold | 16,5 |
| Geir Rune Rauset | 53,0 |
| John Gunnar Dokk | 208,5 |
| Ruano, Monica Montalvan | 4,0 |
| Berit Köhler | 2,0 |
| Sofie Kjendlie Selvaag | 335,0 |
| Knut Marius Myrvold | 10,5 |
| Tobias Holter | 26,0 |
| Helena Lægreid | 136,5 |
| **Sum timekostnadar:** | **1 079 993** |
| | |
| **SUM PROSJEKTKOSTNADAR:** | **1 484 331** |

## Oppsummering:

Oppsummeringa (tabell 13) viser inntekter og utgifter for kvart av delprosjekta i 2018.

Hovudprosjektet Hardangervidda (som direkte famnar om delprosjekt 1) Overvaking av Rv7 og 4) Regionale planar og fokusområde) er i balanse ved utgangen av 2018, med kr. 132.936,- inn og kr. 132.936,- ut totalt (tabell 13).

Delprosjekt 2) Kraft og anlegg i Nordfjella, har samla utgifter dette året på kr 790.413,-. Alt dette er dekt inn og prosjektet er dermed i balanse ved utgangen av året (tabell 13).

Delprosjekt 3) Ferdselskartlegging på Hardangervidda hadde samla inntekter i 2018 på kr 1.469.330,-. Utgiftene i 2018 på kr 1.484.331,- gjev med det eit samla negativt resultat for 2018 på kr -15.001,- (tabell 13).

Det samla resultatet for det overbyggande GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella for 2018, er difor kr -15.001,- (tabell 13).

**Tabell 13: Resultat for Hardangervidda (delprosjekt 1 og 4), Nordfjella (delprosjekt 2) og delprosjekt 3) Ferdsel, ved utgangen av 2018. Totalt er balansen for GPS-merkeprosjektet kr -15.001,- ved inngangen til 2019.**

| | **Hardangervidda** 12473000 | **Nordfjella** 12473020 | **Ferdsel** 12473030 | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|
| Inntekt | 198 546 | 790 413 | 1 469 330 | 2 458 289 |
| Timekostnader | 20 710 | 103 495 | 1 079 993 | 1 204 198 |
| Direkte kostnader | 177 836 | 686 918 | 404 338 | 1 269 092 |
| **Resultat 2018** | **0** | **0** | **-15 001** | **-15 001** |

# Prosjektaktivitet i 2019

Overvakinga av villreinen i nærleiken til Rv7 held fram, men no med eit midlertidig endra fokus med utgangspunkt i funn av skrantesjuke i Nordfjella. SNO og anna feltpersonell er tett påkopla her.

Revisjonsarbeida på damanlegga til E-Co i Nordfjella held fram, med tett kontakt mellom regulanten, villreinforvaltinga og feltpersonell. Det har ikkje vore noko stor anleggsverksemd i aktuelle villreinområde i 2018 og det er heller ikkje omfattande planar for 2019. I 2020 vil ein derimot kunne vente ein auka anleggsaktivitet i fjellet. Her er under arbeid eit erfaringsnotat som kan vera eit viktig grunnlag for dialogarbeid i komande saker der ein har konflikt mellom omsynet til villrein og andre brukarinteresser. Dei dyra som no er merka i Sone 2, er merka i regi av Miljødirektoratet og går utanom forskrift for forsøksdyr.

I ferdselsprosjektet er det med hjelp frå SNO og Hardangervidda Fjelloppsyn AS, satt ut ferdselsteljarar langs stikka løyper og ved sentrale innfallsportar for vintersesongen. Desse samlast inn att i slutten av

april. Så langt i 2019 har Referansegruppa hatt eitt møte (21. mars). Her blei det gått igjennom det innsamla materialet så langt, og planane for 2019, mellom anna for analysane på villrein og ferdsel. Det er også igangsett ei ny arbeidspakke i dette delprosjektet som er relatert til E 134. Dette går over same lesten som ein gjorde for Rv 7 i 2018. Dette dreiar seg om å kartlegge parkerte bilar og ulik slag aktivitet ut ifrå vegen vinterstid, samt meir finmaska datainnsamling om stiar, tråkk og bruk av desse, ut ifrå vegen sommarstid. Resultata av dette vil bli vist i ein eigen delrapport saman med resultata frå tilsvarande arbeid for Rv 7. Det er Statens vegvesen ved hhv. Miljøseksjonen og Nasjonale turistvegar, Miljødirektoratet og Besøksstrategiarbeidet som det er søkt om finansiering av dette. Så sant finansieringa kjem på plass ynskjer ein også å gjennomføre ei spørjeundersøking i bygdene rundt vidda i 2019. Elles er det stort fokus på gjennomføringa av villrein-ferdselsanalysane i år.

Regional plan for Hardangervidda er under rullering og forslag til revidert plan skal ut på høyring ila. 2019. Dette arbeidet hentar mellom anna kunnskap frå ferdselsprosjektet inn i sine delprosjekt i Handlingsprogrammet. Informasjon frå rulleringsarbeidet blir også delt med andre aktuelle aktørar gjennom GPS-prosjektet på villrein på Hardangervidda.

I 2018 leverte Buskerud fylkeskommune og MIMIR ein rapport til styringsgruppa for det regionale verdiskapingsprosjektet (eit forprosjekt) «Velkommen til villreinfjellet». Dette er eit av fleire prosjekt som har fått midlar gjennom Miljødirektoratets verdiskapingsprogram «Villreinfjellet som verdiskaper», og dekker hhv. Hardangervidda og Nordfjella villreinområde. Dette forprosjektet konkluderte med at det er grunnlag for eit vidare hovudprosjekt frå 2019. Saman med Nore- og Uvdal kommune, som i same periode har hatt eit eige prosjekt «Tettere på villreinfjellet» under same program i Miljødirektoratet, blei det levert ein felles søknad om hovudprosjekt i januar 2019.
I Nordfjella sone 2 blei saneringa av villreinstamma fullført i 2018. Dette arbeidet blei gjennomført av Miljødirektoratet og Mattilsynet. I andre område, som Hardangervidda og Setesdalsheiane, har fokuset vore på å følgje opp merka dyr i felt og ev. ta ut svake dyr, samt fokus på prøveinnsamling frå fallvilt og dyr felt under jakt. Dette arbeidet skjer både i regi av SNO, men også med bruk av NINA sine mannskap. Arbeidet i Nordfjella dreiar seg no i hovudsak om å hindre utveksling av rein frå Sone 2, Hardangervidda og Filefjell (tamrein) inn i den no brakklagde Sone1. Dette gjerast ved at ein held fram med overvaking, gjerding og andre aktuelle tiltak. Det er også i 2018-2019 blitt eit auka fokus frå Mattilsynet på prøveinnsamling frå villrein (særleg frå bukk) i Sone 2 og på Hardangervidda for å snarast råd oppnå god (helst 90 %) tryggleik for at desse bestandane kan friskmeldast frå CWD og nyttast i reetableringa av ny bestand i Nordfjella Sone 1. Dette har mellom anna medført statleg uttak av bukk i Sone 1 i 2019 i regi av Miljødirektoratet og SNO, samt høyring av høge jaktkvotar, primært på vaksen bukk, på Hardangervidda i 2019.

Å ta vare på villreinområdet i Nordfjella gjennom brakkleggingsperioden, er ei viktig oppgåve for forvaltinga fram mot reetablering av ei ny frisk villreinstamme. Regional plan har ein veldig viktig funksjon her. Det same gjeld prøveinnsamling frå alle resterande område.

## Budsjett og søknadar 2019

For 2019 har prosjektet samla eit budsjett på omlag kr 2.380.000,- (sjå tabell 14) fordelt på dei 5 ulike arbeidsgruppene (sjå vedlegg 1: Søknad Felles 2019).

Søknaden er i hovudsak retta mot deltaking og bidrag inn til Arbeidsgruppe 3) Ferdselskartlegging på Hardangervidda (tabell 4). Der er totalt kr 100.000,- (administrasjon og referansegruppe) som ein må koma attende til finansieringa av.

**Tabell 14: Budsjett for heile prosjektet og alle arbeidsgrupper samla, per år 2017-2021 (revidert for 2019-):**

| **Budsjett alle arbeidsgrupper samla, per år 2017-2021:** | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Tema/Arbeidsgr.:** | **2017** | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** | **Kommentar/Finansiering** |
| Administrasjon og referansegruppe: | 100.000 | 100.000 | 100.000 | 100.000 | 500.000 | Overhead frå alle arbeidsgrupper |
| 1) Overvaking av Rv7: | 500.000 | 500.000 | 500.000 | 500.000 | 500.000 | Statens vegvesen |
| 2) Kraft og anlegg i Nordfjella | 300.000 | 55 000[7] | 0[8] | 0 | 0 | Regulantar i Nordfjella |
| 3) Ferdselskartlegging på Hardangervidda (ambisjonsnivå 3) | 1.273.000 | 1.346.000 | 1.780.000 | - | - | Sjå eige finansieringsforslag |
| 4) Regionale planer og fokusområde: | Eigne midlar gjennom Handlingsprogramma til Regionalplan. Vil delvis kunne inngå i «Arbeidsgruppe 3) Ferdselskartlegging». | | | | | |
| 5) Oppfølging av merka dyr i felt og CWD | | | | | | |
| **SUM per år:** | **2.173.000** | **2.001.000** | **2.380.000** | **600.000** | **1.000.000** | |

Prosjektet dreg med seg ein balanse frå 2018 på kr. -15.001,-; som i alt kjem ifrå delprosjekt 3) Ferdselskartlegging på Hardangervidda (tabell 13). Underskotet frå dette delprosjektet vil bli dekt inn gjennom resten av prosjektperioden.

I 2019 vil det koma ca. kr. 500.000,- frå Statens vegvesen til hovudprosjektet og arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7. Til arbeidsgruppe) Ferdsel er det søkt totalt 23 ulike bidragsytarar om totalt kr 1.780.000,- i 2019 (Vedlegg 1). Dersom søknadane får positive tilsvar og alle forventa midlar kjem inn i 2019 vil prosjektet samla ha totalt kr 2.264.999,- til rådvelde i 2019 (tabell 15). Dette er då kr 115.001,- mindre enn budsjettert (budsjett 2019 er på kr 2.380.000,-; tabell 14). som følgje av underskotet i

[7] Så sant utgiftene til instrumentering av villrein held fram med å dekkast over budsjettet til CWD-arbeidet i Miljødirektoratet, vil bidraget frå E-Co i hovudsak gå til drifta av arbeidsgruppa til delprosjekt 2) Kraft og anlegg i Nordfjella i åra som kjem.

[8] Drifta av dette prosjektet er frå 2019 ikkje lengre knytt til det overbyggande GPS-merkeprosjektet og står difor i kr. 0,- frå no og ut prosjektperioden.

delprosjekt 3) Ferdsel på Hardangervidda (kr. -15.001,-) og at ein ikkje p.t. har klart ei finansiering av ein administrativ overhead på kr. 100.000,-. Prosjektleiinga vil koma attende til dette ila. året.

**Tabell 15: Resultat frå 2018 og forventa inntekt 2019.**

| | Hardangervidda 12473000 | Nordfjella 12473020 | Ferdsel 12473030 | |
|---|---|---|---|---|
| **Resultat 2018** | 0 | 0 | -15 001 | -15 001 |
| **Omsøkt/forventa midlar 2019:** | 500 000 | 0 | 1 780 000 | 2 280 000 |
| **Sum disponibelt 2019:** | **500 000** | **0** | **1 764 999** | **2 264 999** |

## Merking vinteren 2019

SVV finansierer merking og drift av inntil 20 sendarar samstundes på Hardangervidda. I 2019 er det merka totalt 11 dyr (i to omgangar) på Hardangervidda, slik at der p.t. er 17 sendarar som er aktive. I Nordfjella er det merka 9 dyr (i to omgangar), derav .... Bukk. I Nordfjella finansierast merkinga av Miljødirektoratet, som ledd av forvaltingsmerkinga under handteringa av CWD i området, samt E-Co i samband med arbeidet på anlegga deira i området, knytt til vassdragsreguleringar.

Alle nye sendarar som er satt på i 2019 og i åra som kjem, er med ekstra dropoff-eining og satellittkommunikasjon. I tillegg er det etablera utvida kontrollrutinar av sendarane i felt.

Skinnarbu 13.06.19, Lena Romtveit (red.)

# Referansar


- Bevanger, K., Falldorf, T. & Strand, O. 2005. Rv7-tunneler på Hardangervidda. Effekter for villrein. NINA Rapport 106. 40 s.
- Fossgaard, K., Gundersen, V. & O. Strand. 2012. Kiterne på Hardangervidda. Villreinen 2012: 38-41
- Romtveit, L. 2010. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2009. NVS RAPPORT 4/2010 14s.
- Romtveit, L. 2011. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2010. NVS RAPPORT 8/2011 16s.
- Romtveit, L. 2012. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2011. NVS RAPPORT 10/2012 17s.
- Romtveit, L. 2013. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2012. NVS RAPPORT 11/2013 17s.
- Romtveit, L. 2014. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2013. NVS RAPPORT 12/2014 19 s.
- Romtveit, L. 2015. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2014. NVS RAPPORT 15/2015 14 s.
- Romtveit, L., Mossing, A. og Strand, O. 2017. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2016. NVS RAPPORT 20/2017 21 s.
- Romtveit, L., Mossing, A., Strand, O., Gundersen, V., Bøthun, S. W. og Korvald, E. 2018. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2017. NVS RAPPORT 22/2018 21 s.
- Romtveit, L., Mossing, A., Strand, O. og Singsaas, M. 2019. Villrein og ferdsel på Hardangervidda. Rapport frå seminar på Geilo 25.-26. oktober 2018. NVS Rapport 24/2018. 31 s.
- Strand, O., Bevanger, K. & falldorf, T. 2005. Reinens bruk av Hardangervidda. Sluttrapport fra Rv7-prosjektet. NINA Rapport 131. 67 s.
- Strand, O., Panzacchi, M., Jordhøy, P., Andersen, R., og Bay, L. A. 2011. Villreinens bruk av Setesdalsheiene- Sluttrapport fra GPS merkeprosjektet 2006- 2010. NINA Rapport 694. 145s.
- Strand, O., Jordhøy, P., Panzacchi, M. & Van Moorter, B. 2015. Veger og villrein: Oppsummering – overvåkning av Rv7 over Hardangervidda - NINA Rapport 1121. 47 s. + vedlegg.
- Strand, O. og Nilsen. E. B.. Fragmentering og villrein. NINA temahefte no xx.
- Thomassen, J., Mossing, A. & Romtveit, L. 2017. Lufsjåtangen og villrein. Rapport fra et dialogseminar om villreinens bruk av Lufsjå-tangen på Hardangervidda. - NINA Rapport 1362. 39 s.

# Vedlegg

- Vedlegg 1: Søknad felles 2019

**Norsk villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkinn | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
**Norsk villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 99 46 37 64 | E-post: post.sor@villrein.no
**Stiftelsen Norsk villreinsenter:** NO-2661 Hjerkinn

Org.nr: NO 990 697 809 MVA